



Julija Straksiene  
Kubbaleitet 12 A  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2287 - 18/12941

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.04.2018

## Klagen på løyve til oppføring av tilbygg til bustad vert avvist - gbnr 137/127 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 184/18  
**Tiltakshavar:** Bjørnar Kleiveland Vatnøy  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Skare AS

Lindås kommune viser til klage datert 15.04.18 på klage på vedtak datert 24.10.17 om løyve til tilbygg til bustad på eigedom gbnr. 137/127 administrativt vedtak saksnr. 483/17.

Tiltaka var nabovarsla 02.07.17. Kopi av vedtaket som er påklaga vart sendt til klagar 24.10.17.

### Vurdering:

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at *«enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»*

I fvl § 33 2.ledd står det at *«Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»*

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Lindås kommune sitt vedtak er datert 24.10.17 og sendt ut per SvarUt den 24.10.17. Klagefristen er 3 veker frå denne datoeb og gjekk ut den 21.11.17.

Klagefristen er oversitta med 20 veker og 5 dagar. Klagen er såleis ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at *«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram*



- a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller  
b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggast vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd.

Nabo har signert på kvittering for nabovarsel den 02.07.17. Av innsendte klage går det fram at ein signerte utan å ha teikningar og at desse vart levert i postkasse nokre dagar seinare utan at desse vart gått gjennom av klagar. Vidare vart vedtak sendt klagar med kopi når dette vart fatta. Av kommunen sin svarUt historikk går det fram at vedtak vart opna 24.10.17. Kommunen sin vurdering er at det ikkje ligg føre tilhøve som tilseier at klagen kan takast til handsaming jf. fvl § 31 bokstav a.

Vidare er vurderinga om det ligg føre «særlige grunner» til at klagen skal realitetshandsamast.

Ansvarleg søkjar har fulgt kravet til nabovarsling gjeve i plan- og bygningslova § 21-3. Klagar skriv i klagen at ein valde å ikkje gå gjennom varsla tiltak. Vidare mottok klagar kopi av vedtak om løyve til tiltak. Klagar er tilstrekkeleg informert til at ein burde kunne sett seg inn i kva tiltaket omhandlar. Det forhold at ein ikkje har sett seg inn i kva tiltak som er omsøkt på naboeigedom, gjev ikkje særlege grunnar for at klagen skal takast til handsaming. Kommunen si vurdering er at det ikkje ligg føre tilhøve som tilseier at klagen vert prøvd jf. fvl § 31 bokstav b.

Etter dette er ikkje vilkåra for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31 oppfylt.

#### **VEDTAK:**

**Klage datert 16.04.18 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta

Eilin Houlison Molvik

avdelingsleiar

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

KLAGE 5

**Kopi til:**

Bjørnar Kleiveland Vatnøy	Kubbaleitet 14	5916	ISDALSTØ
Byggmester Skare AS	Skarsvegen 769	5912	SEIM
Julija Straksiene	Kubbaleitet 12 A	5916	ISDALSTØ
Marius Straksys	Kubbaleitet 12 A	5916	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Bjørnar Kleiveland Vatnøy	Kubbaleitet 14	5916	ISDALSTØ
Byggmester Skare AS	Skare	5912	SEIM
Julija Straksiene	Kubbaleitet 12 A	5916	ISDALSTØ
Marius Straksys	Kubbaleitet 12 A	5916	ISDALSTØ